

Møtebok Fjordvegen Riksveg 13

Styremøte 31.10.2023 kl 11.00-15.00 Hotel Ullensvang, Lofthus

Deltakarar: Marta Sofie Vange, Gerd Helen Bø, Toralv Mikkelsen, Vibeke Johnsen, Vebjørn Mathiesen Solli

Forfall: Ingvald Torblå, Roald Aga Haug, Kristoffer Amdal, Anita H. Riskedal, Roy Egil Stadheim, Samson Hamre

Sekretariatet: Hanne Sundbø, Trude L. Rinaldo, Jostein Eitrheim

Agenda:

11.00 – 11.45	Orientering v/Nye Veier
11.45 – 12.10	Orientering v/Statens vegvesen
12.10 – 13.00	Sakshandsaming
13.00 – 13.45	Lunsj
13.45 – 15.00	Sakshandsaming

Orienteringar:

Nye Veier Håkon Lohne, Kristian Losnegård Karlsen
Statens vegvesen Ellen Johnsen Haaberg: Presentasjon er lagt ved.

Sak 28/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte 05.06.2023

Vedtak: Protokoll vart godkjent.

Sak 29/23 Meldingar/orienteringar

- Arendalsuka 2023 – erfaringar frå planlegging og deltaking:
 - Fjordvegen Riksveg 13 har markert seg som organisasjon gjennom deltakinga og med synleg logo. Godt innarbeida arena i Samferdselsteltet, men kamp om dei beste tidspunkta for debatt.
 - Debatten i regi av Nasjonal rassikringsgruppe var godt leia, og viktige spørsmål for Rv13 fekk stort fokus.
 - Konklusjon frå styret: Godt utbytte av deltakinga under Nasjonal rassikringsgruppe
Viktig arena å delta på, føreset om lag same modell på OFV sin stand i Samferdselsteltet under Nasjonal Rassikringsgruppe, og tilstrekkelege samla ressursar vår/sommar 2024. Nasjonal Rassikringsgruppe vidare: Hovudsakleg nye styremedlemmer etter valet. Frå Rogaland er vald: Silje Karin Teig (FrP) og vara Harald H. Løland (Sp). Vestland har ikkje vald.
- Aksjonsdag NAF laurdag 02.09.23:
 - NAF sine lokallag på vestlandet sette opp stands på åtte ulike stader langs/nær riksveg 13 frå Hjelmeland til Hella ferjeleie.
 - NAF planla dagen i samråd med administrasjonen i Fjordvegen, lagde flyer og deltok med tillitsvalde. Politikerar mest frå lokalmiljø, men og nokre rikspolitkarar møtte ved

stands. Seks repr. frå styret og administrasjonen i Fjordvegen deltok.

- Konklusjon: Positivt initiativ og gjennomføring, greitt frammøte og merksemd.
Honnør til NAF, særleg avd Stavanger og omegn for initiativet.

Sak 30/23 Rekneskap pr. august 2023

Dagleg leiar gjennomgjekk rekneskap pr. 2. tertial 2023

Vedtak: Rekneskap pr. 2. tertial 2023 vert teken til orientering utan merknader.

- Evaluering av årskonferansen 2023
 - God og nyttig konferanse fagleg sett
 - Håp på fleire deltakarar, men akseptabelt. God breidde. Avhengig av stad og tilkomst.
 - Økonomi: omlag i balanse. Stramt budsjett, men aksept på førehand på profesjonell møte/debattleiar med høg pris. Elles ingen innleiarar med honorar. Akseptabel deltakaravgift.
 - Mediadekning mest frå lokalaviser

Sak 31/23 Plan for påverknadsarbeid

- NTP 2025 - 2036

- Drøfting:
 1. Oppfølging av fylkeskommunane og Stavanger før deira innspelsmøte med departementet 7.11. Styret finn ut om kven som møter for desse organa, og korleis blir moment om rassikring og riksveg 13 presentert.
2024: Det blir nødvendig å følgja opp nye politikarar i medlemskommunane og Stavanger særskilt.
 2. Etatane sine leveransar til frista 3.10:
Vegvesenet sitt vedlegg 1: Oppdatert berekning av alle skredpunkt med høg og middels skredfaktor, riksvegar. 33 punkt langs rv 13 er no på lista med oppdaterte tal. Oppsettet viser noko auke i skredfaktor pga auke i ÅDT for fleire punkt rett sør for Vikafjellet.
Avvik i høve denne tabellen finst mellom tala for Føreslåtte sikringstiltak frå SSV i høve Nye veier sine forslag til tiltak prissett for deira prioriterte punkt Skare – Sogndal.
Det må arbeidast fram til Stortingsbehandlinga på fleire måtar, både i høve politisk nivå for NTP og for Nye veier sine prosjekt og avgjerder.
- Konsekvensar av langvarig kvelds- og nattestengt Lærdalstunnel for trafikkbelastninga på rv 13 i Sogn: Ein fråsegn skal skrivast, administrasjonen utformar eit utkast.
- NTP vidare og enkeltprosjekt: Styret bed om at administrasjonen utformar ei uttale med problemstillingar til drøfting i neste styremøte (nettmøte). Medlemskommunane skal få kome med innspel på førehand.
Fullmakt vert gitt styreleiar og dagleg leiar til å utforma forslag.

Sak 32/23 Gjennomføring av tur/synfaring langs Rv13 hausten 2024?

Malen frå turen hausten 2016 blei drøfta.

Grunnlag for turen:

- Det er no sidan 2016 kome med leire nye medlemmer, som også kan møta oss langs vegen.
- Strekninga er endra sidan 2016 med start i Stavanger og endepunkt Sogndal.
- Viktig å dra på tur i buss, oppnår fleksibilitet, kan ha møter og drøftingar undervegs.

Vedtak:

1. Styret ber om at det vert gjennomført synfaring for dei langs Rv13, med nok tid til å sjå vegen med prioriterte skredpunkt, samt medlemskontakt.
2. Budsjett og personalressursar: Administrasjonen må koma tilbake til om ein greier utfrå sannsynleg ny situasjon for personalressursar i 2024 både å gjennomføra årsmøte/ årskonferanse, synfaringstur og deltaking i Arendalsuka.

Sak 33/23 Årskonferansen 2024

Vedtak: Styret er samde om å gjennomføra Årskonferanse i "gamle" Hordaland.

Styret ber administrasjonen innhente tilbud og føreslå dato.

God deltaking og breidde frå Stortinget er prioritert.

Styret vert samstundes bedne om å koma med forslag til tema/vinklar og innleiarar.

Sak 34/23 Fjordvegen Riksveg 13 i sosiale media - Retningslinjer

Vedtak: Styret bed dagleg leiar og konsulent om å utforme eit forslag til retningslinjer for sosiale medier.

Sak 35/23 Avtale mellom Hardangerrådet og Fjordvegen

Gjeldande avtalar var gjennomgått til informasjon.

Styreleiar følgjer opp.

Sak 36/23 Møteplan 2024

Vedtak: Det vert digitalt møte 06/12/2023. Det er sendt inn kalenderinnkalling.

Styret bes utarbeide forslag til møteplan for våren 2024 og sjå på moglege kollisjonar på datoar.

Sak 37/23 Status/tiltak langs Rv13 Gjennomgang for kvar kommune

Saka er utsett til neste møte.

Sak 38/23 Innmeldte saker/Ymse

Ingen innmelde saker

Lofthus, 31.10.2023

Referent: Jostein Eitrheim/Hanne Sundbø